

ÅRSPLAN FOR OLDEN BARNEHAGE 2024-25



«Hakkebakkeskogen kan minne om vår egen store verden. I hakkebakkeskogen finnes også, liksom hos oss i den store verden, en lengsel etter fred og trygghet og respekt for hverandre.» «Vi kunne ha det godt her i skogen hvis alle var venner så kunne de store hjelpe de små, og de små hjelpe de store...»

Sitat: Thorbjørn Egner.

Velkommen til Olden Barnehage!

Innholdet i årsplanen:



Innleiing.....	2
Om barnehagen.....	2
Olden barnehagen sin profil.....	3 - 5
Den kommunale visjonen.....	6
Olden barnehage sin visjon.....	6 - 7
Leik.....	8 - 9
Olden barnehage sin pedagogiske plattform.....	10 - 11
Foreldresamarbeid.....	12 - 13
Personalsamarbeid.....	13
Andre samarbeidspartnarar.....	13
Barns medverknad.....	14
Progresjonsplan for Olden barnehage.....	15 - 16
Dagsrytmen i Olden barnehage.....	17
Praktisk informasjon.....	17 - 22
Barnehageruta 2024/25.....	22
Dei tilsette i barnehagen.....	23



Innleiing

Barnehagen er gjennom «**Barnehageloven**» og «**Rammeplan for barnehagen**» (2017) pålagt å utarbeide ein årsplan. Årsplanen er eit viktig arbeidsreiskap for det pedagogiske arbeidet, og skal fungere som eit bindeledd mellom barnehagen og foreldra og andre samarbeidspartnarar.

I denne årsplanen vil du finne informasjon om arbeidet vårt her i Olden barnehage. Vi fortel om **kva** vi gjer i barnehagen, **korleis** vi gjer det, og **kvifor** vi gjer det. Skriftleg planlegging som dette, vil hjelpe oss å vurdere om dei måla vi har satt oss for vårt pedagogiske arbeide blir innfridde. Årsplanen skal gje foreldra kunnskap om barnehagen og dermed auke moglegheit til medverknad og samarbeid med barnehagen. (Årsplanen er meint som eit oppslagsverk).

Årsplanen skal også vere retningsgjevande for vidare planlegging. Planen er grunnlaget for diskusjon, vidareutvikling og organisering av arbeidet i barnehagen, slik at barnehagen blir best mogleg for barna.

På vegne av personalet vil vi ynskje alle brukarane av årsplanen eit godt barnehage-år. Håper vi får eit triveleg år saman!! ☺

Om barnehagen

Olden barnehage vart starta av Indremisjonen som korttidsbarnehage i 1979. Etter kvart blei barnehagen gjort om til heildags barnehage med ein avdeling. I 1999 vart barnehagen kommunal. I romjula 2006 flytta barnehagen inn i eit nytt barnehagebygg. Frå den 1.januar 2007 vart barnehagen ein to-avdelingsbarnehage med plass til 40 barn. Våren 2009 bygga vi ut på nybygget, og frå den 1. oktober 2009 blei vi ein barnehage med 3 avdelingar med plass til ca. 50 barn (300 einingar pr. veke).

Avdeling Klatremus: 1 - 2(yngste) åringar



Avdeling Harepus: 2(eldste) -3 åringar.



Avdeling Bamsehus: 4-5 åringar.



Bemanninga i barnehagen blir sett etter det totale tal barn på huset.

Olden barnehage sin profil

Profilen vår: Uteliv, kultur og tradisjonar.

Turist og båtliv: Olden er ei lita turistbygd med båt-trafikk og turistliv frå mars til november månad. Det kjem store cruisebåtar/skip frå heile verda, som legger til kai ved Olden brygge. Dei kjem for å sjå på den norske fjordlinja og den vakre norske naturen og fjellheimen. Båt-trafikken er ein viktig del av Olden, og dermed ein viktig del av barnas liv. Derfor har vi valt å vektlegge dette i barnehagen vår.

Frå barnehagen ser vi når båtane kjem, vi høyrer når dei kjem tutane inn gjennom fjorden. Vi ser på turistlivet når vi går på turar i sentrum, og elles i nærmiljøet. Ofte treffer vi på turisttoga i regi av Muri. Vi vil prøve å få til ein tur med toga for barnehagebarna til våren på dagtid. Båt-livet ser vi på som ein viktig del av vår profil. 5 års klubben/førskulegruppa får bli med fiskebåten «Isabella» på fisketur som avslutning før dei begynner på skulen. Isabella er også eit lokalt turistinnslag, og båten ligger til kai ved småbåthamna i Olden.

Gardsdrift: Olden er også ein landsbygd med mange gardar både rundt sentrum og opp gjennom dalen. Dette nytter vi oss også av i barnehagen, der vi reiser rundt på gardsbesøk til forskjellige bønder. Vi blir kjent med husdyra, og vi får sjå kor maten kjem ifrå. Vi får også sjå korleis bøndene forvaltar jorda med store landbruksmaskiner. Av og til har vi også besøk av gardsdyr og andre kjæledyr i barnehagen. **NB: Vi tar sjølvsgt omsyn til allergikarar og andre som av medisinske grunnar ikkje kan vere i kontakt med dyr.**



Uteliv: Uteliv er ein viktig del av Olden barnehage. Vi går mykje på turar rundt i nærmiljøet (Skarstein, Muri-stranda, «Etiopia», Bruvoll, Skarpelia, Singer etc.). Vi tek også lengre turar som til Oldedalen og Briksdalen. Elles har vi lavvo og gapahuk som vi bruker heile året. Her lager vi ofte maten vår ute på bål.

MER-Barnehage /5 om dagen-barnehage:

Maten i Olden barnehage er også ein veldig viktig del av vår profil. Barnehagen fekk i 2007 status som MER-barnehage, eller det som no kallast for «5 om dagen-barnehage». Å vere ein MER-barnehage vil i korte trekk seie at vi lager vår mat frå grunnen av, med gode, sunne råvarer. Vi bruker mykje grovt mjøl, magrare mjølk og mjølkeprodukt, meir fisk og meir frukt og grønt.

Barnehagen skal ifølgje barnehagelova vere ein pedagogisk og helsefremjande institusjon, der helse, måltid, kosthald og hygiene er viktige byggesteinar. Var du klar over at 75 % av barn i Norge under 6 år, er i barnehagen mesteparten av sin vakne tid?



BARNEHAGE

Dette er eit faktum, og derfor utgjer måltida i barnehagen ein stor del av borna sitt totale kosthald. Derfor meiner vi det er viktig å legge til rette for at barna kan få gode kostvaner i barnehagen, som dei kan ta med seg vidare i livet.

Borna får vere med gjennom heile prosessen, dei er med på å så og dyrke mat i åkeren vår. Dei er med på å hauste, plukke, reinske, skrelle og skjære den opp. Kort sagt blir dei kjent med maten frå botnen av. Å ta del i matlaginga er også med på å skape matglede hos borna. Vi bakar sjølv brød og lagar middagen frå botnen av til hovud måltida i barnehagen. (Sjå måltid s. 19)

Sommarfest: Vi har sommarfest kvart år i barnehagen, der vi serverer mat. Vi har frå sommaren 2023 teke kr.150 pr. familie og inntekta går til: **Fadderbarnet vårt Sherina.** For meir informasjon om fadderbarnet, ta kontakt med personalet.

Fiskesprell: Fiskesprell er eit prosjekt, som skal fremme fisk i kosthaldet hos barn i barnehagane. Dette prosjektet er Olden barnehage også ein del av, og derfor bruker vi mykje fisk i matlaginga vår. Omega 3 og vitamin D er viktige byggestein for hjarte og skjelett.



Ynskjer du/dykk meir informasjon om desse prosjekta er det berre å ta kontakt med personalet. Vi vil svare så godt vi kan. Elles finnes det meir info på: www.frukt.no og www.fiskesprell.no

NB: Frukosten er einaste måltid borna skal ha med seg i barnehagen, vi håper derfor at alle foreldre vil hjelpe oss å handheve reglane for kosthaldet i barnehagen, til det beste for bornas helse. Barna tek med seg ein matboks med påsmurt mat. Legg gjerne litt frukt eller grønsaker oppi. Ein kan ha gryn også men det bør vere gryn med minst mogleg sukker i. På førehand takk! ☺

Utviklingsområda/prosjekt

Barnehagemiljø er nasjonalt og kommunalt satsingsområde. Vi har valt **Leik** då vi ser at den fremmer sosial kompetanse og vi ønskjer leikekloke vaksne for å hjelpe barna i leiken. Sjå meir om leik på side 8 og 9.

Pedagogisk leiing har vore eit kommunalt satsingsområde som starta i 2015 - 2023. Barnehagane har jobba med ulike fokusområde og vi skal fortsette å jobbe med tidlegare fokustema som: Leikelystne vaksne, Leikekloke vaksne, Frå jord til bord, Inkludering - dei vaksne si rolle, språkstimulering gjennom musikk, samlingsstunda som språkfremjande arena, uteleik, måltid, foreldresamarbeid og uteområde.

Leik. Vi starta med leik og vennskap som utviklingsområde i 2012 og vi ser at dette vil vi jobbe vidare med. Det er og eit sentralt satsingsområde. Dette vil vi kome tilbake til på side 8/9.

Språk /lesedugnad: Nordfjordregionen deltek eit nasjonalt og fellesprosjekt kalla «**Språkløyper - nasjonal strategi for lesing og skriving**» 2017 - 2019. Stryn kommune er valt ut som språkkommune. Dei tre hovudområda som vil bli jobba med er Tidleg innsats, overgangar og lærande nettverk. Vi i Olden har jobba med språk i fleire år og særleg nynorsk som språk. Olden barnehage har delteke i eit **FOU prosjekt frå 2010 - 2012 i samarbeid med Nynorsksenteret og høgskulen i Volda** og delteke i kommunen sitt prosjekt om **LESEDUGNAD/ LESELYST frå 2012 til 2014**. Vi skal fortsatt legge til rette for at borna får kjennskap til nynorsk i barnehagen. Dette gjer vi gjennom å prate til dei på nynorsk, lese for dei på nynorsk og la dei få høyre nynorske lydbøker, vere med på nynorske temaopplegg og eventyrforteljingar etc. Vi har eit eige biblioteket med eit stort utval av nynorske bøker og lydbøker, som vi bruker i det daglege arbeid i lag med borna. Gjennom dette arbeidet ser vi at barna utviklar språket sitt. Språk er viktig for kommunikasjon både i kvardagen og i leiken. Vi ser gjennom språksamlingar og temasamlingar at vi gjennom eit godt språk i høve til alder at barna aukar den sosiale kompetansen, får fleire sosiale relasjonar til andre og vi får færre konflikter. Vi skal delta i eit prosjekt med biblioteket dette barnehageåret. Vi skal få besøk og foreldra vil kunne låne bokposar i barnehagen. Vi har vore med på eit «**Bravo**»/språkkintervensjons prosjekt som kontrollgruppe med 4 av barna som er i 2 års kullet i 2014-2016. Dette var i regi av Høgskulen i Sogndal og vart avslutta våren 2016. det synt seg at barna i kontrollgruppa hadde like gode resultat som dei som var Bravo barnehage og hadde eit spesielt språkopplegg. Vi tek det til oss og meiner at vi gjer ein god jobb i høve til språkutviklinga til barna. Vi er no med i eit nytt prosjekt med 3 åringane (2015 og 2016 kullet) kalla **SMNS - Språk, motorikk, numerisk og sosial utvikling**. Dette prosjektet skal følgje desse barna frå 2018/19 og skal slutførast i 2024. Barnehagen skal ha eit medvite i forhold til den lokale språksituasjonen og det språklege mangfaldet i lokalmiljøet. Borna vil utvikle meir kulturell toleranse overfor andre språk og andre kulturar desto tidlegare dei blir presenterte for dei. Dette gjeld nynorsk og bokmål, så vel som språkformer frå andre land. Vi har også vore med i eit **minoritetsspråkleg prosjekt 2014 - 2015** som vart avsluttast hausten 2015. I dette prosjektet hadde vi med 7 barn av 4 og 5 åringane våre som er to språkleg. (språk utanfor Norden)

Vår oppgåve er å vere positiv til all språkleg mangfald og å arbeide for at borna kan utvikle eit positivt forhold til sitt eige språk, så vel som til andre språk. Det finnes også mange gode nynorske heimesider med bøker, lydbøker, spel og andre aktivitetar som kan brukast i lag med borna. Desse nytter vi også i barnehagen: www.tunkatten.no, www.nynorsksenteret.no og «Nynorsk for dei minste» og mange fleire.

IKT i barnehagen: Olden barnehage har hatt IKT som eit av våre satsingsområde i 11 år, og er blitt ein del av vår profil. Vi bruker IKT i det daglege pedagogiske arbeid med borna. Vi nytter det til temaopplegg og i samlingsstunder. Vi bruker det i lag med borna til: planlegging, kartlegging, spel, bildebehandling, dokumentasjon etc. Berre fantasien set grenser. © IKT er eit nasjonalt satsingsområde kor vi samarbeider både i Nordfjordregionen og kommunalt med å finne gode løysingar for digital utvikling. **Vigilo** er vårt kommunikasjonsverktøy, som både vi og foreldra skal bli betre kjend med.

Den kommunale visjonen



I Stryn kommune har vi, i tillegg til «Barnehagelova» og «Rammeplan for barnehagen», ein kommunal verdibok og i denne står visjonen for alle tilsette, som heiter:

«Vi vil utvikling»

For å oppnå ein god og riktig utvikling, til det beste for barna i barnehagane, setter denne visjonen krav til dei menneskjene som skal jobbe i barnehagen. Krava seier noko om måten vi må stå fram på overfor andre menneskjer. I Stryn kommune betyr det at vi er:

Stolte: Stolte av arbeidsplassen vår og tilliten foreldra gjev oss.

Tydelege: Vi har klare mål, set grensar og gjev god og riktig informasjon

Rause: Vi er inkluderande, og vi har tillit, respekt og lojalitet for kvarandre og brukarane.

Ytande: Vi er imøtekomande, tek initiativ, er aktive og tek ansvar i utforming og løysing av oppgåver.

Nyskapande: Ved å vere i kontinuerleg utvikling, samtidig som vi tek med oss gode tradisjonar.

Olden barnehage sin visjon

I Olden barnehage har vi i ein eigen visjon som heiter:

«Trivsel for små og store»

Trivsel er, ifølgje vår «overbevisning», det viktigaste grunnlaget for alle menneskjer. Viss ein ikkje trivast, då har ein det heller ikkje bra. Derfor vil vi gjennom vårt pedagogiske arbeide gjere vårt aller beste for å skape eit godt miljø som alle kan trivast i, både små og store.

For å skape eit godt miljø har vi satt opp nokon standardar og verdier for arbeidet vårt:

Trygghet og omsorg: Meiner vi er ein føresetnad for all utvikling. Vi ynskjer å gje trygghet og omsorg gjennom å vise kvart enkelt barn at vi bryr oss. Vi lyttar til dei, tar dei med på råd, oppmuntrar og trøyster, og viser dei kjærleik.

Riktig og god kommunikasjon: Meiner vi er veldig viktig for å få eit godt miljø. All informasjon skal vere så korrekt og presis som råd. Det skal vere tid og rom for gode samtalar og dialogar. Dette er med på å skape eit godt samarbeid og ein god tone, både mellom barna og personalet, men også mellom personalet og foreldra. (Og eventuelt andre instansar).

Individuell oppfølging og tilrettelegging: Kvart enkelt barn er unikt, og vi vil gje individuell oppfølging gjennom å ta barna med på råd, gje dei gode opplevingar og erfaringar, lytte til den enkelte si mening og bruke det i den vidare planlegginga.

Vise toleranse og respekt: Alle er ulike, og det meiner vi at det skal vere rom for. Vi vil utvise respekt og toleranse gjennom å behandle alle slik vi sjølv ynskjer å bli behandla. Dette blir også kaldt for den gyldne regelen. **»Ver mot din neste, som du ynskjer din neste skal vere mot deg!«** Toleranse og respekt krev at vi gjennom vårt arbeid sett klare reglar og grenser. Desse reglar og grensar må vere like for alle, slik at vi har eit felles verdigrunnlag å jobbe utifrå. Klare grenser som barna kan forstå og respektere er med på å skape trygghet og trivsel.

Sosial kompetanse: Betyr i våre auge at vi vil skape ein barnehagekvardag, der barna kan lære å forstå korleis ein skal oppføre seg i forhold til, og overfor andre menneskjer. Dei skal lære å inngå i sosiale relasjonar i lag med andre på ein god måte. Lære seg å knytte vennskap, lære seg å løyse konflikhtar og vise kjensler, **empati** og omsorg for andre.

Etikk: Vi vil gje barna forståing av at vi lever i eit demokratisk land med stort kulturelt mangfald og vi vil gje barna positive opplevingar rundt dette.

Leik: Leik er barnets livs- og læringsform, og barna uttrykker seg gjennom leiken.

Leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leiken eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur. Leiken skal være ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre (Forskrift om Rammeplan for barnehagen gjeldande frå 01.08.17).

Leiken ynskjer vi skal vere den dominerande aktiviteten i løpet av barnehagedagen i Olden barnehage. Leiken er barna si eiga verd, der dei trener seg på det sosiale samspelet mellom barn - barn, men også mellom barn - vaksen. Gjennom leiken har barnet høve til å knytte kontaktar og få venner. Leiken er det viktigaste i barnas liv, leiken er lyd og rørsle, og den er på barna sine premissar.

Leik er ein kreativ prosess som vert styrt av barnet sjølv, og på den måten blir dei frie og kan tore å vere seg sjølv. Gjennom leiken får barna høve til å bearbeide opplevingar og kjensler.

Vi vaksne vil vere aktive og engasjerte og hjelpe barna med å gje leiken rom. Leiken har mange former, og der må vere rom for alle, både dei «bråkete» leikane, og dei «stille» leikane. Dette er med på å fremme barna sin utvikling både fysisk, motorisk, sosialt, intellektuelt og språkleg.

Vi ser på leiken som ein viktig læringsaktivitet for barn i førskulealder. For mange vaksenstyrte aktivitetar kan virke mot sin hensikt. Barna kan bli initiativlause og utviklingspotensialet deira kan bli mindre.

Derfor meiner vi, at dei vaksne si rolle i leiken, er og vere aktive observatørar, og når vi leikar i lag med barna, skal dette skje på barna sine premissar.

I leik med barna skal vi vaksne fungere som eit «støttande stillas», som kan stimulere og bringe nye og spennande element inn leiken, og bidra til at barna kan vidareutvikle leiken sin. Vi vil støtte og hjelpe barn som sjølv ikkje kjem i gang med leiken, og vi vil hjelpe med å løyse konflikhtar der barna står fast.



Uteleik og inneleik: Leiken i barnehagen går føre seg både ute og inne.

På grunn av avgrensa areal inne og store barnegrupper einskilde dagar, må leiken inne ha klare grenser for grovmotorisk aktivitet og stemmebruk.

Leiken inne må derfor vere meir strukturert og rolegare enn leiken ute.

Inneleik: Leik inne kan til dømes bestå av: Perling, pusling, måling, lesing, bygging av Lego/duplo, bygging av klossar, bilkøyning, rolleleik med dokker, rolleleik i kjøkkenkrok: med koppar, fat og matlaging. Puteleik på puterom, leik med gardsdyr eller andre figurar etc. Berre fantasien setter grenser. ☺

I Olden barnehage er vi ute kvar dag. Samtidig er vi fleksible og vurderer lengda på utetida utifrå veret og barnas behov.

Uteleik: Leik ute har mange av dei same elementa som leiken inne. Den er like viktig for barna si utvikling, men uttrykksformene er ofte litt forskjellige. Vi ynskjer å leggje til rette for mykje leik ute, der barna har større plass og kan utfalde seg meir ved å bruke både kroppen og stemma.

Målet for leiken ute er at barna skal få utfalde seg fysisk, knyte band på tvers av alder, og bli glad i å vere ute i all slags ver.

Vi legg stor vekt på å vite kva barna leikar, og at barna ser dei vaksne og kan ta kontakt ved behov. Vi kan då også vurdere når det er behov for å hjelpe barna i gong med leik, støtte dei i å løyse konflikhtar og liknande.

Rydding: Vi legg vekt på at barna avsluttar sin leikeaktivitet ved og leggje på plass det materiale eller dei leikane dei har brukt. Dette blir gjort før barnet startar med ein ny aktivitet. Dette gjeld både inne og ute.

Ved å vere med på å rydde får barnet forståing av at vi må ta vare på tinga våre, slik at dei ikkje forsvinner og blir øydelagt. Dette bidrar til at barna får respekt for, og forståing av struktur og orden.

Dersom vi har uteleik på slutten av dagen, har vi innført ein regel der alle barn skal rydde nokre leikar før dei går heim, slik at dei som blir igjen til slutt, ikkje må stå med all ryddinga åleine. Ver snill og hjelp oss med å handheve den regelen ved å oppfordre ditt barn til å rydde før dykk går heim. På førehand takk. ☺



Olden barnehage sin pedagogiske plattform

Olden barnehage sin pedagogiske plattform tar sitt utsprang i visjonen vår:

«Trivsel for små og store»

Vi ser føre oss at barnehagen vår er som ei lita verd, der vi skal leve og fungere i fellesskap både liten og stor. Akkurat slik som i «Hakkebakkeskogen», skrevet av den kjente norske forfatter Thorbjørn Egner. Uansett om vi eter nøtter eller kjøtt, er grå eller brune, har spisse øyrer eller runde øyrer, er små eller store, så skal det vere plass til oss alle, og vi må respektere og verdsette kvarandre. Å få til eit slikt fellesskap er ikkje alltid enkelt, og der vil vere både oppturar og nedturar, medgang og motgang. Men med felles innsats, og med godt pedagogisk arbeid, veit vi at det skal gå bra! Akkurat slik som det også gjekk bra for dyra i Hakkebakkeskogen til slutt.

Alt pedagogisk arbeid og planlegging må ha eit mål, eit innhald, ein formidlingsmetode og til slutt ein vurdering/evaluering.

I Olden barnehage ser vi på vårt pedagogiske arbeide som eit tre frå Hakkebakkeskogen:

Røtene er grunnlaget for treet, på same måte som «Barnehageloven», «Rammeplanen», den kommunale visjonen, vår eigen visjon og den pedagogiske plattformen er grunnlaget for arbeidet vårt.

Stammen på treet illustrerer stammen i pedagogikken vår: Her viser vi tilbake til vår visjon, der dette står skrevet. Dette er måla for vårt arbeid. Måla våre står i samsvar med det som står skrevet i «Barnehagelova»: **“Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling”** (jmf. Bhg. lova § 1 formål).



Greinene illustrerer innhaldet i arbeidet vårt. Rammeplanen skisserer 7 fagområde som skal ligge til grunn for innhaldet i arbeidet i barnehagen:

- 1) Kommunikasjon, språk og tekst.
- 2) Kropp, bevegelse, mat og helse.
- 3) Kunst, kultur og kreativitet.
- 4) Natur, miljø og teknologi.
- 5) Etikk, religion og filosofi.
- 6) Nærmiljø og samfunn
- 7) Tall, rom og form.

Innafor disse fagområdene finnes det mange forskjellige formidlingsformer, som vi bruker i det pedagogiske arbeid med barna, til dømes:

- 1) Sosialt samspel.
- 2) Fellessamlingar/temasamlingar.
- 3) Kvardagsaktivitetar.
- 4) Rutinesituasjonar.
- 5) Leik.
- 6) IKT.

Blada på treet skal illustrere resultatet av vårt arbeide, nemleg barnas trivsel og utvikling i barnehagen.

Når rota på treet er godt forankra, og stammen på treet er sterk, så vil blada bli store, sterke og fargerike. Dei vil stråle og strekke seg mot sola (omverda) og vise at dei trivast!

Vurdering av arbeidet vårt

Vurdering av det arbeidet vi gjer er heile tida nødvendig, og er like sjølvsgagt som planlegginga og gjennomføringa.

Planmessig vurdering går føre seg når personalet systematisk samlar inn opplysningar for å reflektere over det som skjer. Vurdering er å beskrive, analysere og fortolke ein innsats og kva verknader den har. I tillegg til den daglege vurderinga må ein også få ein brei og heilskapleg vurdering der observasjon og dokumentasjon utgjer ein viktig del av grunnlaget for vurderingsarbeidet. Evaluering går føre seg under arbeidet og når arbeidet er slutt.

Personalet kjem til å drive vurderingsarbeid av:

- Personalet si tilrettelegging og samarbeid.
- Barna si trivsel og allsidige utvikling.
- Barnehagen sine mål, innhald og arbeidsmåtar.
- Barnehagen sitt samarbeid med foreldra.



Foreldresamarbeid



Eit godt foreldresamarbeid er viktig for barnet, og for at vi vaksne i barnehagen skal kunne ta oss best mogleg av det einskilde barn.

Jamfør Lov om barnehagar § 1: **“Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta i vare barna sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling”.**

Foreldra har høve til å påverke barnehagens innhald gjennom samarbeidsutvalet, barnehagen sitt årsmøte, foreldrerådsmøte, dagleg kontakt med barnehagen og på foreldresamtaler.

Mål:

- Å oppnå best mogleg kontakt med kvar einskild av foreldra, for å kunne samarbeide godt om det einskilde barnet si oppseding og utvikling.
- Gje foreldra kjennskap til arbeidet i barnehagen, slik at dei har høve til innverknad på innhald og organisering.

Metode:

- Uformelle samtaler ved hente- og bringe situasjonar.
- Foreldremøter (ca. 2 -3 per år eller etter behov).
- Foreldresamtaler. Alle blir kalla inn på hausten. Tilbod om samtale på våren og elles ved behov.
- Dugnad t.d. hjelp til køyring av barna på turar, dugnad for å vedlikehalde og forbetre barnehagen både ute og inne.
- Haustfest og Sommarfest.

For at vi skal kunne utvikle arbeidet vårt og forbetre årsplanen er vi avhengige av respons frå foreldra. Det er derfor viktig at foreldra kontaktar oss viss der er noko dei meiner bør endrast.

Foreldreråd:

I følgje “Lov om barnehagar § 4” skal alle barnehagar ha eit foreldreråd. Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje samarbeid mellom heim og barnehage. I saker som er viktig for foreldra sitt forhold til barnehagen, har foreldrerådet rett til å uttale seg før vedtak blir tatt i saka. Ved avstemming i foreldrerådet blir det gjeve ein stemme for kvar frammøtt.

Samarbeidsutvalet:

Det består av 2 representantar frå foreldrerådet, 2 av dei tilsette og 2 representantar frå kommunen/ eigar (styrar + ein politikar) jamfør Lov om barnehagar § 4 og forskriftene.

Vi set stor pris på at foreldra:

- * gjev oss ros og ris
- * kjem med innspel til turar, aktivitetar og tema
- * seie sin meining til oss
- * tek opp ting dei lurar på med oss, slik at vi har høve til å forbetre oss

Då kan vi saman bygge opp ein god barnehage med **"trivsel for små og store"**.

Personalsamarbeid

For å skape trivsel i barnehagen er det også viktig at personalet sitt samarbeid fungerer bra, og at det er ein god tone i barnehagen.

Mål:

Vi vil arbeide for:

- Eit ope og trygt arbeidsmiljø.
- At kvar og ein skal ha høve til eigen utvikling.
- At kvar og ein skal få oppleve at det arbeidet dei gjer er verdifullt, at ein kjenner seg nyttig og at ein føler at ein har noko å medverke med.

Metode:

- Personal- og avdelingsmøter/ planleggingsdagar.
- Kurs og kommunale nettverksmøter.
- Medverke til gode arbeidsrutinar, arbeidsmetodar og arbeidsfordeling.
- Medverke til informasjonsutveksling - dagleg kommunikasjon/dialog.
- Medverke til erfaringsutveksling.
- Respektere, støtte og vere lojale mot kvarandre.

Andre samarbeidspartnarar

Barnehagen har mange samarbeidspartnarar som skal hjelpe med å ivareta barnas beste:

- Olden skule og Olden SFO.
- Lokalsamfunnet, eldretreffa
- Andre barnehagar i kommunen.
- Stryn skule- og kulturkontor.
- PPT, BUP, Barnevernet og sosialkontoret.
- Helse Førde, helsesenteret Stryn, fysioterapeut/BHT.

Barns medverknad

Barnehagelova § 1 og 3, seier følgjande om medverknad: " Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet". Dette er og presisert i Grunnloven § 104 og FNs Barnekonvensjon art.12 nr.1

I Rammeplanen kap.4 står det følgjande:

«... barnehagen skal være bevisst på barnas ulike uttryksformer og tilrettelegge for medvirkning på måter som er tilpasset barnas alder, erfaringer, individuelle forutsetninger og behov. Også de yngste barna og barn som kommuniserer på andre måter enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for sine synspunkter på egne vilkår. Barnehagen må observere og følge opp alle barns ulike uttrykk og behov. Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet. Barna skal ikke overlates et ansvar de ikke er rustet til å ta.»

Vi i Olden barnehage vil at barna skal medverke ved å:

- * La barnet bli høyrst og forstått om egne opplevingar og erfaringar
- * Sjå barnet som subjekt
- * La barnet ha rett til egne opplevingar og erfaringar
- * La barnet sitt initiativ vere utgangspunkt for planlegging

Barna nyttar mykje kroppsspråk og ved å ha respekt for deira kjensler, tankar og uttrykk skal vi saman skape ein god kvardag i barnehagen.

Gjennom gruppedeling, barneintervju og barnesamtaler vil vi observere og kartleggje kva barna tenkjer om kvardagen i barnehagen. Vi har mykje fri leik i barnehagen vår og her må barna sjølv velje kva dei vil leike. I denne leiken får vi vite mykje om kva barna er oppteken av. Dette vil vi ta med oss i evalueringa av planar og vidare i arbeidet vårt.



PROGRESJONSPLAN

Generelt om fagområda

Lov om barnehagar § 1.....(bokmål)
«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

«Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.»

«Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

I Rammeplanen som er forskriftene til Lov om barnehagar står det at vi skal innom ulike fagområda i løpet av barnehageåret. Kvar avdeling vil jobbe med sine område alt etter alder på barna og at det skal vere ein progresjon og utvikling i løpet av den tida barnet går i barnehagen.

Foreldra og personale har kome med innspel til tema og aktivitetar. Desse vil vi flette inn i dei ulike fagområda. Gjennom observasjonar og samtaler med barna vil vi stå fritt til å arbeide med eit tema over tid når vi ser at dette er noko som fengjer barna. Tema vil stå på månadsplanen som vert delt ut for kvar månad.

Kropp, bevegelse, mat og helse

Klatremus:

Bli kjent med kroppen sin – ”eg kan – eg klarer”. Eg smaker, lukta, føler, kryp, går og står, og snart spring eg. Ei rivande utvikling skjer dei 2 første år. Om å kle seg, ete sunn mat, smake på nye ting, vere aktiv og få kvile når dei treng det. Gå på tur i nærmiljøet og nytte gymsalen. Musikk, drama og dans som variasjon – bli kjent med eigen kropp og få positiv sjølvkjensle

Harepus:

Bli kjent med kroppen sin. Å kle seg, ete sunn mat, smake på nye ting, vere aktiv og få kvile når dei treng det. Gje rom for variert bruk av fysisk aktivitet. Gå på turar, nytte gymsalen og arealet i barnehagen. Musikk, drama og dans som variasjon – bli kjent med eigen kropp og få positiv sjølvkjensle.

Kle på meg sjølv, det eg klarar og det eg treng å ha på meg. Gode matvanar.

Bamsehus:

Gje rom for variert bruk av fysisk aktivitet. Gå på turar, nytte gymsalen og arealet i barnehagen. Utvikle fin og grovmotorikk. Bli kjent med å bruke ulike reiskap i naturen. Musikk, drama og dans som variasjon – bli kjent med eigen kropp og få positiv sjølvkjensle. Kle på meg sjølv, det eg klarar og det eg treng å ha på meg. Gode matvanar, vere med å lage mat i barnehagen. Jobbe vidare med ”MEIR” og fiskesprellprosjekt med vekt på sundt kosthald

Kommunikasjon, språk og tekst

Klatremus:

Kommunikasjon gjennom kroppsspråk og mimikk. Nytt song, musikk og enkle bøker. Alle barna har si song på sitt kort. Samtale om kva vi ser og gjer gjennom språktrening, språksprell og snakkepakken i kvardagen. Forteljing og dramatisering av eventyr.

Harepus:

Kommunikasjon gjennom kroppsspråk og mimikk. Samtale om kva ein ser og gjer, omgrepstrening og utrykke kjensler og tankar ved å delta i kommunikasjon Leik med lyd, rytme, rim og song. Bruke bøker med fokus på nynorsk, Høgtlesing, forteljing og dramatisering av eventyr. Spele spel og nytte data.

Bamsehus:

Samtale om kva ein ser og gjer. Leik med lyd, rytme, rim og song. Eige kort med eigen song eller. Trekke kalender, møte symbol som tal og siffer. Høgtlesing, forteljing og dramatisering av eventyr. Spele teater. Språk som reiskap i konfliktløysing. Utrykke kjensler og tankar. Spele spel og nytte data.

Kunst, kultur og kreativitet

Klatremus:

Sansetrening og aktivitetar gjennom musikk og forming. Med alle sansar blir vi kjent med ulikt formingsmateriell. Dette gir kvardags glede.

Harepus/Bamsehus :

Sansetrening og aktivitetar gjennom musikk og forming. Bli kjent med materiell gjennom sansane våre.. Lesekrok og dramatisering av eventyr. Ha boksar, posar og eventyrkoffert med «varierte innhald» i samlingsstund.

Bamsehus: (kunst....)

Eit rom for kunst/Atelier i barnehagen kor vi nyttar staffeli og data til å utrykke oss. Lesebrot, dramatisering av eventyr, lage kostymer og rekvisittar. La fantasien og skaparglede få utløp ved å nytte ulike formingsmateriale, musikk og dans. Bruke sansane våre

Natur, miljø og teknologi

Klatremus:

Turar i naturen, finne materiell som vi tek med og lager noko av i barnehagen. Utforsking på ustødige bein, forsere bakkar og ulent terreng. Bøye, tøy, smake og prøve. Stable klossar, rulle ball, bygge med duplo og utforske leikar.

Harepus :

Turar i naturen, finne materiell som vi tek med og lager noko av i barnehagen. Utforsking på ustødige bein, forsere bakkar og ulent terreng. Lære å ta vare på naturen, gå på turar å sjå kor han vekslar gjennom årstidene. Kunnskap om dyr og vekstar. Gardsbesøk. Vi vil lage mat ute når det høver

Bamsehus:

Lære å ta vare på naturen, gå på turar å sjå kor han vekslar gjennom årstidene. Kunnskap om dyr og vekstar. Gardsbesøk. Vi vil lage mat ute når det høver. Snakke om søppelsortering og kvifor vi gjer det. Prøve det med barna.

Nærmiljø og samfunn.

Klatremus:

"Eg er her og verda er rundt meg". Vi går gradvis lengre vekk frå barnehagen og blir kjent med det som er rundt oss. Vi pratar med naboar, går på gardsbesøk og besøker andre barnehagar. Gå i trafikken og møte Tarkus og vennene hans.

Harepus:

Gå i trafikken. Samlingar om Trafikk. Likestilling mellom gutter og jenter. Bruke nærmiljøet sine resursar til gode opplevingar. Tema som politi, brann, butikk og ulike yrker. Historier frå ulike land, flagg, kart – Ein eventyrleg reise.

Bamsehus:

Likestilling mellom gutar og jenter. Utvide forståing om kulturelle fellestrekk og forskjellar. Vi lærer å ha respekt for kvarandre uansett bakgrunn, kultur og funksjonsnivå Bruke nærmiljøet sine resursar til gode opplevingar. Gå i trafikken. Besøke eldresenteret. Historier frå ulike land, flagg, kart – Ein eventyrleg reise.

Etikk, religion og filosofi.

Klatremus:

Sosial kompetanse- dele, vennskap, konfliktløsning, grensar og omsorg. Små filosofar treng miljø og tid til undring. Samtale om det vi ser og gjer. Respekt for kvarandre og andre sine ting er noko vi vil starte med tidleg.

Harepus:

Sosial kompetanse- dele, vennskap, konfliktløsning, grensar og omsorg. Små filosofar treng miljø og tid til undring. Skape vennskap, lære konfliktløsning

Bamsehus:

Utvikle toleranse, respekt og interesse for kvarandre. Skape vennskap, lære konfliktløsning, bry oss og ha omtanke for kvarandre. Ta egne val og stå for dei, men og respektere andre sine val. Filosofere over det som skjer rundt oss og med oss. Kristne grunnverdiar, høgtidar og tradisjonar vil følgje oss gjennom året.



Antall, rom og form.

Klatremus:

Vi tel i lag, kor mange er vi i dag, vi stablar og vi puttar oppi formar og bøtter. Vi lagar mat med barna og må måle kor mykje vi treng. I sandkassen lagar vi "kaker" og vi snakkar om formar. Vente på tur. Skilje mellom begreip som stor og liten, mykje og lite.

Harepus:

I sandkassen lagar vi "kaker" og vi snakkar om formar. Vente på tur. Skilje mellom begreip som stor og liten, mykje og lite. Vi lager mat og bakar i barnehagen. Barna skal vere med å måle opp og lage maten, dekkje på bord og dele frukt. Tal og mengde. Kva er tal, korleis ser dei ut, vi trekk kalender og tel kvar dag i samlinga.

Bamsehus:

Vi lager mat og bakar i barnehagen. Barna skal vere med å måle opp og lage maten, dekkje på bord og dele frukt. Tal og mengde. Kva er tal, korleis ser dei ut, vi trekk kalender og tel kvar dag i samlinga. Sortere, klassifisere og samanlikne. Vi nyttar spel og konkretar

Dagsrytmen i Olden barnehage

Dagsrytmen er ein viktig del av det pedagogiske arbeidet vårt. Det at barna veit kva som skal skje og kjenner igjen situasjonane, skapar tryggleik og trivsel. Dette hjelper også barna til å få eit visst oversyn over dagen.

For at vi skal få ein mest mogleg tilpassa kvardag til borna, og deira ulike behov, kan dagsrytmen bli endra litt etter årstidene. Mellom 09.00 - 11.30 og mellom 13.00 - 16.30 let vi ver, årstid, temaopplegg osv. styre om vi er ute eller inne.

Dagsrytmen vår er viktig, men vi ønskjer ikkje å vere "slavar" av klokka. Vi set barna og deira behov i fokus til ein kvar tid.

(NB: Kvar avdeling vil dele ut ein meir detaljert «dagsrytme-plan» for si avdeling.)



Praktisk informasjon

ÅPNINGSTID: Opningstida i barnehagen er frå 07.30 til 16.30. (Det er mogleg å søke om tidleg opning jamfør vedtektene til barnehagane)

BRINGING:

Vi vil prøve å få til at det alltid er ein vaksen ved døra til avdelinga og tek imot barnet og foreldra. Ein helsar "GOD MORGON" og slår av ein prat. Dersom den vaksne er åleine og har mange små er det vanskeleg å gå ifrå barna pga. tryggleik. Då må foreldra sleppe barnet inn på avdelinga.

Barnet skal saman med foreldra eller ein av personale (om foreldra har lita tid), hengje kleda på plass, ta av skoa/støvlane og ta på tøflar. Foreldra tek avskjed med barnet enten i garderoben eller på avdelinga. Vi må ta omsyn til barnet sine avskjedsrutinar, til dømes "vinkevindauge", klemmar og liknande. Når foreldra seier at dei skal gå, må dei gå. Barna skal ikkje bestemme kor lenge foreldra skal vere i barnehagen. Det kan gjere vondt verre å dra ut ein avskjedssituasjon.

Dersom barnet er uroleg tek personale over, og det er fullt mogleg for foreldra å ringe til barnehagen for å høyre korleis det går med barnet. I dei fleste tilfella har barnet roa seg før foreldra har køyrt med bilen. Foreldra bør ved levering gje oss beskjed om andre hentar barnet, om det har ete frukost, om det vert henta tidlegare, skal ha fri eller om sjukdom. Vi bør også få beskjed om opplevingar barnet har hatt heime som kan verke inn på vår arbeidssituasjon, t.d. om barnet har sove dårleg, om det trenger å kvile, har hatt feber dagen før eller kanskje det har opplevd noko positivt.

HENTING:

Barnehagen stengjer presis kl. 16.30. Foreldra kan godt kome litt før så barna får tid til å vise det dei vil, rydde etter seg og seie eit skikkeleg "Ha det og takk for i dag" til personalet. Dersom dette ikkje er mogleg ber vi om at hentinga blir kort.

HUSK ALLTID AT PERSONALE BLIR GJORT KLAR OVER AT BARNA BLIR HENTA.

Ved henting hjelper foreldra barnet med påkledningen. Klokka 16.15 kan seinvakta ta dei siste barna med seg ut i garderoben og hjelpe dei på med kleda. Dette vil frigjeve tid til eit par ord med foreldra om korleis barnet sin dag har vore.

Seinvakta kan ikkje gå før alle barna er henta. Klokka 16.35 ringjer ein heim til foreldra/andre omsorgspersonar. Husk at dette er ein vanskeleg situasjon for barnet. Vi vil ta oss ekstra av dette barnet, snakke med han eller ho og forklare at vi ikkje skal gå heim før det er henta.

Foreldra må betale kr 171,- per barn per påbegynt halvtime etter 16.30. Vedtak i "Forskrift om foreldrebetaling i kommunale barnehagar frå 01.01.23".

MÅLTID:

Måltidet skal vere ein triveleg stund med roleg samtale rundt bordet. Her lærer barna vanleg bordskikk, som å sitje i ro ved bordet, vente på tur, sende til kvarandre, ikkje snakke med mat i munnen, ikkje grise med maten, forsyne seg med passelege porsjonar og ete til dei er mette. Vi syng bordvers før vi et.

Barna vil kunne ete frukost i barnehagen mellom kl. 08.00 og kl. 08.45.

Dei som skal ete frukost hentar matboksen i sekken, vaskar seg på hendene og set seg ved bordet på avdelinga. Når barnet er ferdig å ete, tek dei med seg koppen og set på kjøkkenbenken/ oppvaskmaskin. Matboksen tek dei med seg ut i sekken eller hylla si.

Hovudmåltidet er frå ca. 11.30 til 12.15. Klatremusene og Harepusane et ca. kl. 11.30. Dei går til dekkabord.

Barna vaskar hender og set seg til bords. Vi opp fordrar alle til å ete opp maten sin, men vi tvingar ingen til å ete opp dersom dei ikkje orkar meir eller ikkje likar maten.

Før barnet går frå bordet syng/seier vi takk for maten.

Barna tek med seg koppen/ fatet og set på kjøkken- benken eller i oppvaskmaskina. Når det er fint ver vil vi av og til nyte maten i det fri. Då et vi på benkane ute eller vi tek med maten dit vi skal.

Vi lagar maten sjølv til hovud måltida 5 dagar i veka. Vi har 4 brødmåltid, kor vi bakar brødet sjølv, og 1 middagsmåltid per veke kor vi lagar maten frå botnen av (sjå månadsplan).



Fruktmåltidet er frå ca. 14.00- 14.30: Frukt og knekkebrød eller brød. Av og til lagar vi grove kjeks, sveler eller vaflar i staden.

SAMLINGSSTUND:

Samlingsstunda er med på å styrke fellesskapet. Det at alle på avdelinga, barn og vaksne, er til stede samstundes og held på med noko saman, medverkar til å utvikle gruppekjensla.

Vi legg opp til at alle må vere aktive i samlingsstunda. Vi tek for oss og arbeider med det temaet vi har, ting i kvardagen eller ting barna er opptekne av her og no. Vi pratar saman, les forteljingar, eventyr, bøker, leikar, lærar rim og reglar og syng mykje. Barna får trening i og sitje stille, lære seg å lytte til andre samtidig som dei får trening i å prate i gruppe.

Samlingsstunda nyttar vi til å formidle kunnskap og kultur til barna.

Samlingsstunda kan vere både ute og inne.



HYGIENE/TOALETT OG BLEIESKIFT:

Vi legg vekt på at barna skal vaske hendene sine før måltid og etter at dei har vore på do. Elles vaskar vi leikar og liknande som barna har hatt i munnen for å unngå smittefare. Dei vaksne vaskar hendene etter bleieskift, tørk av snørr og om dei har tørka barna som har vore på do.

Vi skifter bleie ved behov og passer på at dei som skal på do går ved behov. Vi opp fordrar alle barna til å gå på do før vi går ut.

Det skal berre vere eit barn om gongen på toalettet. Barna bestemmer sjølv om ein vaksen skal vere til stede og om døra skal stå open. Vi oppmuntrar dei største til å klare seg sjølv. Dei vaksne hjelper til om det trengst. Alle må trykke ned do knappen når dei er ferdige.

Dersom barnet er uheldig og ikkje når frem til toalettet i tide, kan dette opplevast som ein stor "tragedie" for barnet. Det er viktig at dei vaksne opptrer naturleg og behandlar dette som eit "uhell". Vi hjelper barnet å skifte klede. Dei våte eller skitne kledda legg vi ein plastpose på hylla eller i sekken. Barna vaskar ansiktet når det trengst.

SOVING:

Nokre av dei minste barna treng å sove ei stund midt på dagen. Personale avtaler med foreldra om og kor lengje deira barn skal sove i barnehagen. Barna søv i vogn i vognstallen. Dei største som skal sove under 1 time anbefaler vi madrass inne, for å spare belastningar på personale. Barna kan ha med smokk, kosedyr, koseklut og liknande til sovestunda.



AKTIVITETER:

Gjennom ulike aktivitetar vil vi gje barna opplevingar og nye erfaringar for å stimulere fantasien og kreativiteten deira. Meistringskjensla "EG KLARAR" er ein god og positiv kjensle som vi vil at barna skal få oppleve.

Formingsopplevingane gjev inntrykk og uttrykk som stimulerer språket, den motoriske utviklinga og dei kan få uttrykk for kjenslene sine.

I aktivitetane er vi meir opptatt av prosessen og ikkje produkta, men det skapar ei positiv kjensle av å meistre når dei har laga noko som dei har eit eigarforhold til.

TURAR:

Med klede som er tilpassa ver og føreforhold er vi godt rusta til turar. Vi kan gå tur med heile gruppa eller dele oss i mindre grupper. Målet er at turgruppa opplever noko felles, at barna får motorisk trening og stimulering i utforskartrong og nysgjerrigheita. I tillegg kjem naturopplevinga. Det er ikkje så viktig at vi kjem så langt, men at barna får vere med å bestemme tempo og lengde. Vi må ta omsyn til dei ulike behova for måltid, søvn og stell.

FØDSELSDAGSFEIRING:

Vi markerer fødselsdagen til barna i barnehagen. Vi lager "bursdagskroner" og syng bursdagssongar. Bursdagsbarn i Olden barnehage får smoothie, fruktsalat eller fruktspyd på bursdagen. Barnehagen kjøper inn til dette.



GARDEROBESITUASJONEN:

I garderoben vil vi prøve å få til ein roleg situasjon som gjer at barna får moglegheit til konsentrasjon og at dei får prøve å kle på seg sjølv. Dei største barna skal få kjennskap til fornuftig påkledning og trening i og halde orden, hengje opp kleda sine sjølv osv. Barna hjelper kvarandre. Dei vaksne er tilstade, hjelper og motiverer dei som treng hjelp og støtte. Vi ønskjer at barna skal bli mest mogleg sjølvstendig og uavhengige.

Vi vaksne hjelper dei minste med det dei treng. Vi brukar omgrep som inni, utanpå, gjennom, den andre osv. Barna har då høve til å lære både språk og påkledning samtidig.

Barna får ikkje gå ut før ein vaksen er med. Dei som ventar på å få gå ut må ikkje knuffe med andre, men stå ved døra, eller sitje fint på plassen sin og vente. Er barna blitt våte eller skitne, finn vi saman med barna nye klede i korga eller skuffa. Dei skitne eller våte kleda legg vi i ein pose på hylla, i sekken eller vi heng dei til tork i tørkeskapet.

BYTEKLEDE:

Barna skal ha liggjande minst eit klesbyte i barnehagen. Bukser, genser, underklede, strømpebukse, sokkar og vottar (om vinteren). **ALLE KLEDA SKAL VERE MERKTE MED BARNET SITT NAMN.** Sjekk av og til om det er nok klede og om dei er passeleg. Vi legg lapp i hylla eller sekken dersom vi ser at barna manglar klede. Byteklede til barna på Harepus/Bamsehus kan de leggje i korga i garderoben. Daglege ting legg dei i skapet. Byteklede til barna på Klatremus legg de i korga på stellerrommet. Daglege ting legg de i korga i garderoben.

	Klatremus Harepus	
	Brynestad	

LEIKAR:

BARNEHAGEN TEK IKKJE ANSVAR FOR LEIKAR SOM BARNNA HAR MED SEG. Vi ynskjer ikkje at barna tar med leikar i barnehagen utanom kosebamsar og liknande til soving. På førehand takk for at du hjelper oss å handheve den regelen!

SJUKDOM:

*Ved sjukdom med feber bør barnet vere heime ein dag ekstra med feberfri.

*Dersom barnet ikkje skal vere ute pga. nedsett allmenntilstand, bør foreldra hente barnet når vi skal ut, eller eventuelt vurdere om barnet bør haldast heime ein dag ekstra og komme seg skikkeleg til hektene.

*Ved oppkast og diaré skal barnet vere heime ein dag ekstra før dei kjem i barnehagen for å hindre smitte.(48 timars regelen)

*Dersom barnet får høg feber eller dårleg allmenntilstand medan det er i barnehagen, ringer vi foreldra og ber dei kome å hente barnet.

*Er du usikker på om barnet er for sjukt til å vere i barnehagen, så kan det vere lurt å ringe til barnehagen å spørje om råd, eller ta ein telefon til legen.

INFORMASJON TIL FORELDRA:

Det meste av informasjon til foreldra blir hengt opp på veggen/tavla og innsida av ytterdøra i garderoben.

Månadsplanen og brev/referat vert levert ut i hylla eller sendt på e-post. Nye barn får ein folder med informasjon om når dei kan begynne i barnehagen.

Barnehageruta 2024/25

Barnehagen er open alle kvardagar i året utanom julaftan/nyttårsaftan og planleggings dagane. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00. Det vert **sommarstenging 3 siste vekene i juli 2025 (v.29- 31)** jamfør Barnehageruta til Stryn kommune og «Vedtekter for kommunale barnehagar i Stryn gjeldande frå 02.03.23.»

<u>MÅNAD</u>	<u>PLANLEGGINGS DAGAR</u>
AUGUST	TORS DAG 01.
OKTOBER	MÅNDAG 7. OG TYSDAG 8 (Haustferien til skulen)
JANUAR	TORS DAG 02.
MARS	ONSDAG 12. (Felles i Stryn)

Dei tilsette i Olden barnehage

Styrer:	Kari Samuelsen Nesdal	(100 %)
Pedagogisk leiar:	Signe Opdal	(80 %)
Pedagogisk leiar:	Tina Henningsen Gjerde	(100 %)
Pedagogisk leiar:	Janne Helen Gjerde	(80 %)
Barnehagelærer:	Kenneth Lie	(100 %)
Barnehagelærer:	Torill Skåre Osvik	(100 %)
Barnehagelærer:	Elisabeth Strand	(80 %)
Fagarbeidar:	Lise Mari Tønning	(100 %) permisjon til 20.01.25
Fagarbeidar:	Aud Elisabeth Skrede	(80 %) sluttar 30.09.24
Fagarbeidar:	Sissel Margrete Hilde	(80 %)
Fagarbeidar:	Valentyna Petrova	(100 %)
Assistent:	Hilde Kristin Eide	(100 %)
Assistent:	Lenka Farkasova	(80 %)
Assistent:	Trude Mari Kvamme	(60 %)
Reinholdar:	Brigitta Dusova	(34 %)

Vikarar: Inga Bødal, Hildegunn Dragsund, Olaug Aabrekk, Janne Beinnes og Alexandra Høgalmen

**Takk for at du tok deg tid til å lese denne
årsplanen! 😊**

**Vi håper at du/de vil trivast som brukarar av barnehagen vår!
Vi vil gjere vårt beste for å skape trivsel for små og store!**

Velkommen til oss!

